



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

# Økonomien i jordbruket på Vestlandet 2017

Trender og utvikling 2008-2017

Tabellsamling 2013-2017

NIBIO RAPPORT | VOL. 5 | NR. 23 | 2019



Marius Berger, Torbjørn Haukås, Heidi Knutsen  
Divisjon for Kart og statistikk

## TITTEL/TITLE

Økonomien i jordbruket på Vestlandet 2017

## FORFATTER(E)/AUTHOR(S)

Marius Berger, Torbjørn Haukås og Heidi Knutsen

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
11.02.2019	5/23/2019	Åpen	14306	17/00916
ISBN:	ISSN:	ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:	
978-82-17-02280-0	2464-1162	99		

## OPPDRAKSGIVER/EMPLOYER:

Landbruks- og matdepartementet

## KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Marius Berger

## STIKKORD/KEYWORDS:

Driftsøkonomi, føretaksøkonomi, Vestlandet, driftsgransking

## FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Regional økonomi Vestlandet

## SAMMENDRAG/SUMMARY:

Ei oversikt over utviklinga i landbruket dei siste 10 åra i Vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal vert presentert. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2017 var det med totalt 928 bruk, der 182 var frå Vestlandet; 61 i Hordaland, 61 i Sogn og Fjordane og 60 i Møre og Romsdal. Jordbruksinntekta målt som vederlag til arbeid og eigenkapital gjekk opp, medan det var ein reduksjon på landsbasis. Driftsformene mjølk og frukt hadde ein auke samanlikna med 2016. Dei andre driftsformene gjekk tilbake, spesielt innanfor sauehaldet. Nettoinvesteringane og gjelda på Vestlandet auka frå 2016 til 2017.

## LAND/COUNTRY:

Noreg

## FYLKE/COUNTY:

Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

## KOMMUNE/MUNICIPALITY:

Bergen

## STED/LOKALITET:

Bergen

## GODKJENT /APPROVED

Hildegunn Norheim

## PROSJEKTLÉDER /PROJECT LEADER

Torbjørn Haukås

NAVN/NAME

NAVN/NAME



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

# Forord

Driftsgranskingane er ei årleg rekneskapsgransking som i 2017 omfatta 928 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er stort, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Denne rapporten inneheld lokale data frå Vestlandet.

Rapporten er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. For rekneskapsåret 2017 var det med 182 bruk frå Vestlandet i granskinga. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved fleire av NIBIO sine kontor. NIBIO kontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Marius Berger har skrive rapporten med bidrag frå Torbjørn Haukås og Heidi Knutsen. Geir Harald Strand har lese gjennom rapporten, og Anne Bente Ellevold har klargjort rapporten for publisering.

Bergen, 11.02.19

Torbjørn Haukås

# Innhold

1	Innleiing .....	5
2	Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2017 .....	6
3	Trender og økonomisk utvikling siste tiåret .....	10
3.1	Resultatmål i jordbruket.....	10
3.1.1	Driftsoverskot.....	10
3.1.2	Vederlag til arbeid og egenkapital .....	12
3.1.3	Lønsevne per time.....	13
3.2	Skogbruket.....	15
3.3	Totaløkonomi .....	15
3.4	Nettoinvestering, gjeld og soliditet .....	17
3.4.1	Nettoinvestering .....	17
3.4.2	Gjeld .....	18
3.4.3	Soliditet .....	19
3.5	Inntektsverknad av jordbruksfrådrag .....	20
4	Utviklinga blant frukt og bærprodusentar på Vestlandet .....	23
4.1	Innleiing .....	23
4.2	Utvikling over tid .....	25
4.3	Økonomi .....	26
4.4	Oppsummering .....	28
5	Økonomi i drenering.....	29
5.1	Innleiing .....	29
5.2	Forsøksfelt og metode.....	29
5.3	Resultat.....	30
5.4	Andre økonomiske aspekt ved drenering.....	32
6	Tabellsamling 2013-2017.....	33
7	Forklaring på faguttrykka i tabellsamlinga .....	98

# 1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)<sup>1</sup> ved opprettinga i 1947. Ved fusjonen mellom NLI og Budsjettnemnda for jordbruket i 1986, vart driftsgranskingane lagde til Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, NILF. Etter fusjonen mellom NILF, Bioforsk og Skog og landskap i 2015, hamna driftsgranskingane i Avdeling for driftsøkonomisk analyse i Norsk institutt for bioøkonomi, NIBIO.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og innspel til offentleg politikk og forvaltning. Granskingane skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, dei siste åra er tal deltakarbruk noko redusert. I 2017 var det i alt med 928 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå tilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet. Uttrekte bruk skal ha ei standard omsetning større enn kr 150 000<sup>2</sup>. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Kvart år vert mellom 5 og 10 prosent av deltakarbruka skifta ut. Av dei 928 bruka i driftsgranskingane i 2016, kom 182 bruk frå Vestlandet, 61 frå Hordaland, 61 frå Sogn og Fjordane og 60 frå Møre og Romsdal. Denne rapporten tar for seg økonomien i landbruket på Vestlandet i 2017, og viser økonomiske utvikling dei siste ti åra.

Kapittel to viser hovudtala for Vestlandet for 2017, og omhandlar driftsresultatet i jordbruket for dette året. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen. I kapittel fire ser vi nærmare på korleis utviklinga har vore i frukt og bærproduksjon på Vestlandet dei siste 10 åra. Økonomien ved ulike dreneringstiltak er temaet i kapittel fem. Kapittel seks er sjølv tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvart fylke, men for regionen. Dette må ein ta omsyn til når ein tolkar resultatata eller nyttar tala. Alle økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte. Sist i rapporten finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

---

<sup>1</sup> NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slege saman med Sekretariatet for Budsjettnemnda i jordbruket. Frå 1.7.2015 inngår NILF i NIBIO som er ein fusjon mellom Bioforsk, Skog og landskap og NILF.

<sup>2</sup> Standard omsetning er normerte tal for omsetning av produkt utan tilskot. Klassifiseringa er felles for EU-statistikken.

## 2 Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2017

### Hovudtendensar:

- Auke i jordbruksinntekta til vestlandsbonden, nedgang for landsgjennomsnittet
- Stor nedgang for sau og storfekjøtt
- Nok eit godt år for bruka med frukt og bærproduksjon.

Vestlandsbonden oppnådde ei jordbruksinntekt, målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk, på kr 302 300 i 2017. Det er ein auke på kr 5 100 frå året før. I gjennomsnitt for landet gjekk jordbruksinntekta ned med kr 9 500 og vart på kr 323 300 per årsverk. Jordbruksarealet for vestlandsbruka var i middel 283 dekar, 17 dekar meir enn i 2016.

Det er dei minste og dei største bruka som fekk auka jordbruksinntekta mest frå 2016 til 2017. Bruka med fruktproduksjon hadde eit godt år både i 2016 og i 2017, og desse bruka finn ein blant dei minste bruka med omsyn til areal. Bruka med eit jordbruksareal større enn 500 dekar fekk auka jordbruksinntekta med 12 prosent frå 2016 til 2017. I denne gruppa finn ein i hovudsak store mjølkebruk, men òg store bruk med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald.

**Mjølkeproduksjon** er basisen for landbruket på Vestlandet, og det er flest bruk i denne gruppa. Mjølkeprodusentane fekk auka jordbruksinntekta si med 4 prosent frå 2016 til 2017, og fekk i gjennomsnitt kr 334 000 per årsverk i jordbruksinntekt. Omsett mjølk har auka med 4 500 liter og mjølkeprisen med 22 øre per liter. I alt auka mjølkeinntektene med 6 prosent. I 2017 leverte produsentane i denne gruppa 95 prosent av mjølkekvoten, 2 prosentpoeng mindre enn i 2016.

I tillegg ga auka kjøtproduksjon og prisauke på 3 prosent på storfekjøtt, auke i inntektene frå kjøtproduksjon på mjølkeproduksjonsbruka på Vestlandet frå 2016 til 2017. Det var stor investeringsvilje blant mjølkeproduksjonsbruka på Vestlandet i 2017, i gjennomsnitt var nettoinvesteringa kr 175 300, nesten kr 100 000 meir enn i 2016. Samla gjeld auka med 10 prosent og var i gjennomsnitt 2,3 mill. kr. Rentekostnaden auka med 7 prosent frå 2016 til 2017.

Produksjonsomfanget på mjølkeproduksjonsbruka var på 26,5 årskyr, 0,7 meir enn i 2016. Dei omsette i gjennomsnitt 191 400 liter mjølk og 6 360 kg storfekjøtt (inkl. kukjøtt). Gjennomsnittleg jordbruksareal var 363 dekar. Arbeidsinnsatsen var på 2 årsverk à 1 845 timar, ein auke på 3 prosent frå 2016.

**Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald** oppnådde i 2017 ei jordbruksinntekt per årsverk som var kr 303 700, 1 prosent mindre enn i 2016. Omsett mjølk gjekk ned med 6 700 liter og vart på same nivå som i 2015. Kjøtproduksjon på storfe var same nivå som i 2016, 4 260 kg. Også omsett sau- og lammekjøtt var uendra frå året før, 2 600 kg. Mjølkeprisen auka med 4 prosent og vart kr 5,51 per liter. For storfekjøtt var det berre små endringar i prisane, medan prisen på lammekjøtt gjekk ned med 5 prosent og på sauekjøtt med heile 36 prosent. I gjennomsnitt vart prisen på lammekjøttet kr 49,02 per kg. Sjølv om inntektene frå husdyrhaldet gjekk ned med 4 prosent på desse bruka, auka tilskot og andre inntekter noko, slik at produksjonsinntektene totalt gjekk ned med 1 prosent frå 2016. Dei samla kostnadene var uendra frå 2016 på desse bruka.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald hadde stor investeringsvilje i 2017 med nettoinvestering på kr 255 100. Det var særleg investeringar i driftsbygningar som drog opp nettoinvesteringa. Samla gjeld var på 1,65 mill. kr, det same som året før.

Gjennomsnittleg jordbruksareal var 375 dekar. Bruka hadde 16 årskyr, ei årsku mindre enn i 2016, og 89 vinterføra sauer, ein mindre enn i 2016. Arbeidsinnsatsen gjekk ned med 100 timar og var på 2 årsverk à 1845 timar per bruk.

**Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald** har hatt stor variasjon i jordbruksinntekta dei siste åra. Medan jordbruksinntekta auka med 18 prosent frå 2015 til 2016, vart det nedgang på 20 prosent frå 2016 til 2017, og jordbruksinntekta var om lag den same som i 2015, kr 270 700. På desse bruka har kjøtproduksjonen auka mykje dei siste åra, men frå 2016 til 2017 gjekk kjøtproduksjonen ned både for storfekjøtt og svinekjøtt. I alt vart det omsett 3 210 kg storfekjøtt og 21 900 kg svinekjøtt (inkl. purke- og råneslakt) i 2017, ein nedgang på høvesvis 12 og 9 prosent frå 2016. Talet på selde smågrisar gjekk ned med 6 prosent. Omsett mjølk auka med 5 prosent.

Prisane på mjølk og storfekjøtt auka, medan prisen på svineslakt og smågrisar gjekk ned. Totalt gjekk inntektene frå husdyrprodukt ned med 5 prosent på desse bruka. Tilskota og andre inntekter gjekk noko opp, slik at produksjonsinntektene i alt berre gjekk ned med 2 prosent frå 2016. Både variable og faste kostnader og gjeldsrenter auka. Arbeidsinnsatsen var uendra frå 2016. Saman med nedgangen i inntekter, ga dette nedgangen i årsverksinntekta.

Samla arbeidsinnsats i jordbruket for bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald var uendra frå 2016 til 2017. I alt vart det arbeidd 1,9 årsverk på desse bruka i 2017. Bruka hadde eit produksjonsomfang på 250 dekar, 20 årskyr, 16 purker, 668 smågrisar for sal og 21 900 kg kjøtt frå slaktegris.

Etter at desse bruka hadde store investeringar i 2016, vart nettoinvesteringa berre kr 7 500 i 2017. Det er berre åtte bruk i denne gruppa, men det har ikkje vore utskifting av bruk siste året. Det er derfor dei same bruka som var med i 2016 og 2017 i denne gruppa.

**Sauebruka** på Vestlandet fekk nedgang i jordbruksinntekta også i 2017, og var driftsforma med lågast årsverksinntekt av dei presenterte driftsformene. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta på kr 106 700 per årsverk, ein nedgang på 24 prosent frå 2016. Overproduksjon av sau- og lammekjøtt førte til nedgang i prisar, både for sau og lam. I tillegg medførde prisnedgang på buskapen til svekka resultat. Tal vinterfôra sauer endra seg lite for gruppa, medan omsett kjøtt gjekk ned med 4 prosent. I gjennomsnitt gjekk prisen på lammekjøtt ned med kr 3,25 per kg i og prisen på sauekjøtt med kr 7,64. Husdyrinntektene gjekk ned med 24 prosent medan samla tilskot auka med 7 prosent. Totalt gjekk produksjonsinntektene berre ned med 1 prosent, men både faste- og variable kostnader auka. Også rentekostnadene auka, og saman med uendra arbeidsforbruk på 1,1 årsverk, ga det stor nedgang i årsverksinntekta for sauebruka.

I 2016 omfatta driftsforma 25 bruk med i gjennomsnitt 136 vinterfôra sauer og 202 dekar jordbruksareal. Desse bruka har hatt relativt låge nettoinvesteringar gjennom fleire år. I 2017 var nettoinvesteringa negativ for desse bruka.

**Produksjon av storfekjøtt**, enten med ammekyr eller på innkjøpte kalvar, oppnådde ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 126 600 i 2017, ein nedgang på 29 prosent. Det har vore store endringar i jordbruksinntekta frå år til år for desse bruka. Det vert stadig fleire bruk med denne driftsforma. Det er likevel få bruk i gruppa, og nye bruk eller endringar på enkeltbruk, kan gje store utslag for gruppa.

Det vart produsert 12 500 kg storfekjøtt på desse bruka i 2017, 2 600 kg mindre enn i 2016. Prisen på storfekjøtt auka med kr 1,62, men inntektene frå husdyrhaldet gjekk likevel ned med 20 prosent. Også tilskota gjekk ned. Nedgang i kostnader og i arbeidsforbruket med 200 timar var ikkje nok til å vege opp for lågare inntekter, og gjorde at jordbruksinntekta gjekk ned.

Det var 11 bruk i gruppa i 2017. I gjennomsnitt hadde dei 323 dekar jordbruksareal, 17 ammekyr, 26 kviger og oksar og ein arbeidsinnsats på 1,1 årsverk i 2017.

**Frukt- og bærproduksjon** er den driftsforma som har hatt størst variasjon i jordbruksinntekta mellom år. 2017 vart eit godt fruktår, og sjølv om desse bruka også hadde eit godt år i 2016, auka jordbruksinntekta likevel med 18 prosent frå 2016 til 2017, og vart kr 367 900 per årsverk i 2017. Frukt- og bærproduksjon vart dermed den driftsforma som oppnådde høgast jordbruksinntekt på Vestlandet dette året. Det var god avling av eple, men også for dei andre fruktslaga vart avlingane brukbare. Med

unnatak av pærer, auka prisane for både frukt og bær. Produksjonsinntektene auka med 2 prosent. Samstundes gjekk kostnadene ned. Fordi arbeidsforbruket også gjekk ned med 0,2 årsverk, vart det ei relativt stor auke i årsverksinntekta.

Arbeidsinnsatsen var på 1,7 årsverk per bruk. Det er 23 produsentar i denne gruppa, og dette er dei same bruka som var med i 2016. I gjennomsnitt hadde dei eit jordbruksareal på 60 dekar.

**Nettoinvesteringane** på vestlandsbruka låg noko lågare enn landsgjennomsnittet i 2017. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene kr 100 400, medan nettoinvesteringane for landet var på kr 126 500. Samla gjeld auka med 8 prosent for vestlandsbonden, og var på 2,5 mill. kr i middel per bruk. Rentekostnadene auka med 9 prosent.

**Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket på Vestlandet** utgjorde 44 prosent av dei samla inntektene til familien i 2017, det same som i 2017. Løsinntekt utgjorde 40 prosent. Skogbruk og tilleggsnæring med utgangspunkt i ressursane på bruket utgjorde høvesvis 0,4 prosent og 5 prosent. Resten av dei samla inntektene er anna næring, pensjonar, sjukeløn og kapitalinntekter.

**Maksimalt jordbruksfrådrag** var kr 166 400 i 2017. Dette har vore uendra dei siste åra. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta i 2017 kr 332 900 i gjennomsnitt per årsverk for bruka frå Vestlandet. I alt utgjer inntektsverknaden av jordbruksfrådraget kr 30 600 per årsverk, ein nedgang på kr 1 300. Nedgang i inntektsverknad per årsverk frå 2016 skuldast lågare skatteprosent på allmenn inntekt. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla som er presenterte frå driftsgranskingane.


Tabell 2.1 Samla oversikt for 2017

	Tal bruk	Gj. areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
			2016	2017	2016	2017	2016	2017
Vestlandet, alle	182		437 200	441 000	297 200	302 300	329 100	332 900
Bruk < 50 dekar	10	31	271 800	319 100	309 400	357 500	350 200	396 600
« 50 - 100 dekar	21	74	316 600	380 500	272 700	335 900	298 500	363 500
« 100-200 dekar	43	152	385 600	315 300	293 900	255 800	328 400	288 900
« 200-300 dekar	42	251	399 200	350 000	272 200	251 600	305 200	282 200
« 300-500 dekar	43	381	506 900	498 800	309 500	308 200	342 500	341 100
> 500 daa	23	705	723 700	842 400	330 200	368 800	356 100	393 700
Mjølkeproduksjon	76	363	553 400	586 300	322 000	334 000	353 600	364 300
Mjølksaukehald	18	375	516 100	502 800	307 200	303 700	338 400	333 600
Mjølksvinehald	8	250	570 900	397 300	338 600	270 700	373 500	304 100
Kjøttproduksjon, storfe	11	323	165 700	95 400	177 100	126 600	210 600	153 100
Saukehald	25	202	120 100	93 900	140 000	106 700	174 400	138 400
Frukt og bær	23	60	415 900	466 300	311 500	367 900	339 600	397 200
Mjølks Hordaland	15	336	518 400	529 100	304 300	322 600	335 100	351 900
Mjølks Sogn og Fjordane	19	255	473 400	457 400	300 800	281 100	333 700	313 500
Mjølks Møre og Romsdal	42	421	602 300	665 100	336 900	358 300	368 300	388 100

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og til rente på eigenkapitalen





Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar for Vestlandet og landet i perioden 2008–2017

## 3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 2008 til og med 2017. Materialet er gruppert etter region, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små, og for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på ein skilde bruk gje utslag på resultatata. Bakgrunnsdata for figurane er deflaterte etter konsumprisindeksen, slik at alle resultatmåla er presenterte som 2017-kroner. Definisjonar av dei ulike resultatmåla er teke inn heilt sist i rapporten.

### 3.1 Resultatmål i jordbruket

#### 3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader per bruk. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien, og gje vederlag til både eigen og lånt kapital.

Driftsoverskotet for bruka på Vestlandet har i hovudtrekk følgd same trenden som resten av landet. Fram til 2009 låg Vestlandet noko lågare enn landsgjennomsnittet, og mellom 2009 og 2014 om lag likt med landet. I 2015 og 2016 vart driftsoverskotet lågare enn landsgjennomsnittet. For 2017 vart det auke på Vestlandet og nedgang på landsbasis.


Bruka med frukt og bær hadde som året før, ein god sesong. Gode avlingar og prisauke bidrog til det gode resultatet. Prisane på både mjølk og storfekjøtkjøtt gjekk opp, samtidig som produksjonen av desse produkta auka. Prisane på andre husdyrprodukt gjekk ned, og det var særleg prisane på sau og lam som hadde størst nedgang samanlikna med 2016. Det har også vore ein auke når det gjeld tilskot og andre inntekter. Det var også ein auke i kostnadane, både når det gjeld dei faste og dei variable. Likevel vart driftsoverskotet 4 000 høgare målt i nominelle kroner samanlikna med fjoråret. Rekna i 2017 kroner vart driftsoverskotet 4 000 lågare enn året før

Av dei ulike driftsformene på Vestlandet var det bruka med mjølkeproduksjon som i snitt hadde det høgaste driftsoverskotet på kr 586 300 i 2017, medan dei som driv med sau i snitt oppnådde eit overskot på kr 93 900. Bruka men kombinert mjølk og svineproduksjon hadde ein stor reduksjon, som kan forklarast med mindre produksjon og lågare prisar i svinehaldet i kominasjon med kostnadsauke. Driftsformene sau og kjøttproduksjon hadde også ein stor reduksjon. Medan nedgang i prisane bidrog til lågare driftsoverskot for bruka med sau, var det mindre kg omsett kjøtt som forklarar nedgangen blant produsentane av storfekjøtt. Også blant bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sau, gjekk driftsoverskotet ned.


Dei største bruka målt etter areal, det vil sei bruk over 300 dekar, har hatt ei jamn positiv utvikling sidan 2010. I 2017 hadde dei eit gjennomsnittleg driftsoverskot på kr 620 000. For bruka under 100 dekar har det vore ein sterk auke som fylgje av gode avlingar blant fruktprodusentane. Når det gjeld bruka mellom 100 og 300 dekar, har auken i driftsoverskotet vore meir moderat. Sidan 2011 har bruka i denne storleiksgruppa hatt ei nokså lik utvikling. Frå 2016 var det ein reduksjon i driftsoverskotet blant bruka i denne storleiksgruppa.



Figur 3.1 Driftsoverskot i middel per bruk for heile landet og Vestlandet




Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet




Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper på Vestlandet

### 3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital


Jordbruksinntekt er her definert som vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til forrenting av eigenkapitalen. Gjennomsnittet for Vestlandet følgjer same utvikling som resten av landet fram til 2014. I 2015 auka skilnaden før den ble redusert frå 2016 til 2017. Når ein ser på dei ulike driftsformene med mjølk på Vestlandet, var det større variasjon i dette resultatmålet i 2017 enn tidlegare. Samanlikna med 2016 hadde driftsforma mjølk og svin ein kraftig tilbakegang. Blant fruktbøndene har det vore meir variasjon, særleg dei fire siste åra. For fruktbøndene var det ein auke i vederlaget, medan det for sauebruka har vore ein reduksjon. Sauebruka ligg ein del lågare samanlikna med dei andre driftsformene. Det har vore tilfelle gjennom heile perioden.



Figur 3.4 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, heile landet og Vestlandet.



Figur 3.5 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for driftsformene mjølk/gris, mjølk/storfekjøtt og mjølk/sau.




Figur 3.6 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for driftsformene frukt og sau.


### 3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar i jordbruket. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering, og viser kva garden kan betale per innsett arbeidstime. Rentenivået har vore lågt dei siste

fem åra, og kalkulasjonsrenta har vore på 2 prosent i 2017. Det var berre bruka med mjølkeproduksjon og frukt som hadde ein auke i lønsevne samanlikna med året før. Blant dei andre driftsformene har det vore ein nedgang. Det gjeld i særleg grad produksjonane mjølk/svin og sau.



Figur 3.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet.



Figur 3.8 Lønsevne per time for ulike driftsformer på Vestlandet.

## 3.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. Skogeigendommene på Vestlandet er i hovudsak små, og bratt terreng kan gjere det mindre lønnsamt å hente ut tømmeret. Auka tømmerprisar vil moglegvis kunne føre til større aktivitet i skogane på Vestlandet dei kommande åra. På nokre få bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen kan variere mykje frå eit år til eit anna. I 2017 vart driftsoverskotet i skogbruket redusert med 56 prosent samanlikna med året før.




Figur 3.9 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet.


## 3.3 Totaløkonomi

Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår. Fram til 2017 har Vestlandet lege under landet totalt. I 2017 var nettoinntekta den same på Vestlandet som i resten av landet. Auken i nettoinntekt på Vestlandet frå 2016 skuldast i stor grad auka løsinntekter .

Når det gjeld fordelinga av inntektene til brukarfamilien, er det verd å merke seg at denne har vore nokså stabil over 10-års perioden. Driftsoverskotet frå jordbruket og løsinntekter utgjer høvesvis 44 og 40 prosent av dei samla inntektene i 2017. Andre inntektskjelder som tilleggsnæring, anna næring, kapitalinntekter, pensjonar og sjukepengar utgjer resten av samla inntekter.



Figur 3.10 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet.



Figur 3.11 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien på Vestlandet.




## 3.4 Nettoinvestering, gjeld og soliditet


### 3.4.1 Nettoinvestering

Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde eigedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering gjennom heile perioden. I 2017 var det ein liten auke i nettoinvesteringane samanlikna med året før. I snitt ligg nettoinvesteringa per bruk på Vestlandet under landsgjennomsnittet dersom ein ser heile perioden under eitt. Det vart investert nesten like mykje i maskinar og reiskap som i driftsbygningar på Vestlandet i 2017. Blant dei ulike driftsformene er det innan mjølkeproduksjon at nettoinvesteringane har vore størst. Her har det vore ein stor auke samanlikna med fjoråret. Når det gjeld frukt og sau, har det vore ein reduksjon, og nettoinvesteringane ligg på eit svært lågt nivå. For sauebruka var nettoinvesteringane negative.



Figur 3.12 Nettoinvestering per bruk i jordbruket for heile landet og Vestlandet.




Figur 3.13 Nettoinvestering per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet.

### 3.4.2 Gjeld

Gjeld er her all gjelda til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. I 2012 og 2016 minka samla gjeld på Vestlandet, men trenden viser at gjelda aukar over tid. Samla gjeld låg i snitt kr 135 000 høgare per bruk i 2017 samanlikna med 2016 rekna i nominelle kroner. Samanlikna med resten av landet, har bruka på Vestlandet kr 1 000 000 mindre i gjeld.

Gjelda stig jamt gjennom heile tiårsperioden om ein ser på gjennomsnittet for landsdelen. Når det gjeld driftsformene frukt og mjølk/ sau har det vore ein liten reduksjon, medan for mjølk, mjølk/svin og sau har det vore ein auke. Driftsforma mjølk/svinehald hadde høgast gjeld fram til 2012, men har seinare hatt ein sterk reduksjon for så å auke att dei siste åra. Dette kan forklarast ved oppbygging av produksjonsapparat blant deltakterbruka i denne gruppa. I 2017 var det mjølkebruka som hadde den høgaste gjelda i snitt på nesten 3,2 millionar kroner. I motsett ende finn ein sauebruka med ei snittgjeld på knappe 1,5 millionar kroner.




Figur 3.14 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer, Vestlandet.

### 3.4.3 Soliditet

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tole tap. Ein kan bruke ulike nøkkeltal for å vise dette, mellom anna eigenkapitalprosenten. Eigenkapitalprosenten viser kor stor del av egedelane som er finansierte med eigenkapital. Det er ei vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50 prosent. Alle dei registrerte driftsformene på Vestlandet hadde ein eigenkapitalprosent på 55 prosent eller høgare, men det er stor variasjon mellom enkeltbruk.

Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rentefoten på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng å vere. I utrekning av eigenkapitalprosent er alle egedelar til brukarfamilien med. Eigenkapitalprosenten har variert mellom 47 og 80 prosent over tiårsperioden. I løpet av det siste året kan ein sjå at soliditeten blant dei ulike driftsformene har endra seg. Det har vore ein reduksjon blant sauebruka samanlikna med fjoråret. Dette må sjåast i samanheng med dårleg lønsemd i sauehaldet, som bidreg til å svekke eigenkapitalen for det enkelte bruk. For frukt og mjølkebøndene har det vore ein liten auke, medan det er ein liten reduksjon for mjølks og svin.



Figur 3.15 Eigenkapitalprosent for ulike driftsformer, Vestlandet.

### 3.5 Inntektsverknad av jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget er eit verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget vart innført i 2000 og er gradvis auka sidan. I 2007 vart maksimalt frådrag auka frå kr 71 500 til kr 142 000. Frådraget var uendra dei neste fem åra, men frå 2012 vart maksimalt frådrag auka til kr 166 400. Beløpet har vore uendra frå 2012 til 2017. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntektspolitikken i landbruket. Jordbruksfrådraget i alminneleg inntekt vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemd, eller som driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

For 2017 gjaldt følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 63 500 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved næringsinntekt frå kr 63 500 og opp til kr 334 300 vart frådraget kr 63 500 pluss 38 prosent av all inntekt over kr 63 500. Maksimalt frådrag kan ein få ved næringsinntekt høgare enn kr 334 300.

Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skatteletten av frådraget utgjer 24 %, og med ein marginal skattesats på 38 prosent kjem ein fram til inntektsverknaden ved å dividere med 0,62. Inntektsverknad per bruk vert så dividert på tal årsverk for å komme fram til inntektsverknad per årsverk. Inntektsverknaden per årsverk varierer frå bruk til bruk og frå produksjon til produksjon. På grunn av at skatteprosent i allmenn inntekt vart sett ned frå 25 til 24 prosent i 2017, vart effekten av jordbruksfrådraget redusert

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle bruka i driftsgranskingane i 2017 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 133 989. For Vestlandet låg frådraget litt over det nivået, kr 139 437

Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget. Ei viss grad av tilpassing gjer at jordbruksfrådraget også kan påverke næringsinntekta. Nokre bønder vel lågare avskrivningar for å få maksimal nytte av jordbruksfrådraget. Det gjeld særleg bruk med næringsinntekt opp mot grensa på kr 63 500 eller grensa for maksimalt frådrag på kr 334 300.

Tabell 3.1 Jordbruksfrådrag 2017, region


Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
Austlandet, flatbygder	188	93	22	123 947	29 747	39 744
Austlandet, andre b.	147	63	14	119 770	28 745	33 966
Jæren	63	41	4	141 036	33 849	28 000
Agder/Rogaland, andre b.	94	55	7	133 099	31 944	27 891
Vestlandet	182	118	13	139 437	33 465	30 623
Trøndelag flatbygder	72	46	2	139 634	33 512	41 549
Trøndelag, andre bygder	74	44	4	139 339	33 441	32 920
Nord-Noreg	108	84	2	150 878	36 211	32 706
<b>Alle</b>	<b>928</b>	<b>544</b>	<b>68</b>	<b>133 989</b>	<b>32 157</b>	<b>33 134</b>

Tabell 3.2 Jordbruksfrådrag 2017, arealgrupper, Vestlandet

Arealgruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
under 50 daa	10	4	1	130 688	31 365	39 101
50-100 daa	21	9	3	106 772	25 625	27 577
100-200 daa	43	21	4	132 289	31 749	33 060
200-300 daa	42	25	1	133 180	31 963	30 479
300-500 daa	43	39	2	156 274	37 506	32 867
over 500 daa	23	20	2	166 379	39 931	24 859

Tabell 3.3 Jordbruksfrådrag 2017, driftsformer, Vestlandet

Driftsform	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad per årsverk
Mjølkk	76	60	1	156 113	37 467	30 304
Mjølkk-svin	8	7	0	162 076	38 898	33 356
Mjølkk-sau	18	14	0	158 398	38 016	29 850
Sau	25	8	6	91 962	22 071	31 736
Frukt og bær	20	10	2	133 233	31 976	28 233




Figur 3.16 Skattejusterte jordbruksinntekter målt som skattejustert vederlag til arbeid og egenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering, Vestlandet og landet.

## 4 Utviklinga blant frukt og bærproducentar på Vestlandet


### 4.1 Innleiing

Frukt- og bærproduksjon har vore viktig for jordbruket på Vestlandet i fleire generasjonar. Hardanger er det største fruktdistriktet i Noreg, medan Sogn og Fjordane er det fylket i landet som produserer mest bringebær. Som for resten av landbruket, har også frukt- og bærneringa vore i endring. Tal bruk har gått ned, men utviklinga i areal har vore litt ulik. I tillegg har det skjedd ei utvikling ved at fleire har gått frå å vere råvareproducentar, til meir vidareforedling i form av produksjon av sider og eplemost.



Figur 4.1 Utvikling i areal for eple, plommer, pærer og morellar i Hordaland, Sogn og Fjordane og på landsbasis.

Av figur 4.1, kan vi sjå at etter ein lengre periode med nedgang i areal når det gjeld eple, pære og morellar, har det vore ei utflating i løpet av dei siste åra. Dette gjeld både for Sogn og Fjordane, Hordaland og landet generelt. For pære har det vore ein oppgang i løpet av dei siste åra. I Hordaland har vore ein nedgang i arealet til morellar, medan det har vore nokså stabilt i Sogn og Fjordane. Når det gjeld plommer, har det vore ein auke på landsbasis og i Hordaland. I Sogn og Fjordane har det vore stabilt over fleire år.




Figur 4.2 Utvikling i areal for jordbær og andre bær Hordaland, Sogn og Fjordane og på landsbasis.

Ser ein på utviklinga i jordbærarealet, har det vore ein reduksjon i dei to vestlandsfylka sidan 2013. Dette kan ein og sjå på landsbasis. På 10 år vart jordbærarealet i Sogn og Fjordane redusert med 30 prosent. Andre bær i figuren over refererer i stor grad til bringebær. I Hordaland er omfanget av denne produksjonen svært avgrensa. Bringbærproduksjon er viktig for enkelte kommunar i Sogn og Fjordane. Kommunane Luster, Lærdal, Vik, Gloppen og Stryn hadde i 2016 90 prosent av bringebærarealet som det vart søkt tilskot for på landsbasis.




## 4.2 Utvikling over tid

Økonomien i frukt og bær produksjon heng i stor grad saman med avlingsnivået for dei ulike artene. I perioden frå 2008 til 2017 låg gjennomsnittleg driftsoverskot på kr 370 000. I løpet av dei fire siste åra har det vore større variasjon i materialet. 2014 var eit veldig godt avlingsår, og bruka med frukt- og bærproduksjon hadde i middel eit driftsoverskot på kr 540 000. Året etter var prega av mykje kaldt vêt, som igjen førte til dårleg pollinering og vekstforhold. Figuren under viser korleis avlingsnivået for ulike type kulturar har variert i løpet av de siste 10 åra.




Figur 4.3 Avling per dekar, ulike kulturar.

Av figuren kan ein sjå at det har vore ein del variasjon mellom år for dei ulike kulturane. Spesielt gjeld dette pære og eple, der ein ser store utslag i åra 2014-2017. Når det gjeld morellar og plommer, er avlingsvariasjonen mindre. Med unnatak av 2013 har avlinga av bringebær vore relativt stabil, sjølv om snittavlinga tidleg i perioden låg på 960 kg per dekar, før ho vart redusert til 810 kg i perioden 2014-2017.



Figur 4.4 Pris per kg, 2017 kr.

Sjølv om det har vore ein del variasjon i avlinga i løpet av perioden, har det ikkje vore like store endringar i pris i den same perioden. Prisane i figuren ovanfor er deflaterte.




Figur 4.5 Arbeidsforbruk 2008-2017

Det totale arbeidsforbruket har vore relativt stabilt over perioden, og i har i snitt vore på 3 770 timar per bruk. Brukarfamilien utfører om lag halvparten av desse timane. I frukt- og bærproduksjon er det eit større innslag av leigd arbeid, samanlikna med ein del andre produksjonar. Dette gjeld spesielt arbeidsinnsatsen knytt til hausting.

### 4.3 Økonomi


Som tidlegare nemnt, er økonomien i frukt og bær i stor grad avhengig av avlingsnivået. Både når det gjeld driftsoverskot og vederlag til arbeid og eigenkapital, kan ein sjå store utslag i åra 2014-2017. Samanlikna med ulike husdyrproduksjonar i regionen har vederlaget per årsverk til produsentar av frukt og bær vore på same nivå, dersom ein ser heile perioden under eitt. Målt i 2017 kroner er det fruktprodusentane som har hatt det høgaste vederlaget i snitt.



Figur 4.6 Lønsemd i frukt og bærproduksjon, 2017 kr


Når det gjeld inntekter og kostnader i produksjonen, har det vore ein auke i tilskot over tid medan husdyrinntekter og andre inntekter har vore låg i heile perioden. På Vestlandet har det vore ein del gardsbruk som har hatt sau i tillegg til frukt- og bærproduksjon. Dårlig lønsemd i sauehaldet gjer at desse inntektene har vore fallande dei siste åra.

Ser ein på utviklinga i dei variable kostnadene, har dei vore stabile, og utgjer årleg i overkant av kr 100 000. Det er i hovudsak kostnader til gjødsel, vedlikehaldsplanting, plantevernmiddel og forbruksartiklar som utgjer dei variable kostnadene. Det har vore ein auke i dei faste kostnadene på kr 100 000 i løpet av tiårsperioden, men dei har vore stabile dei siste tre åra. Kostnader til leigd arbeid utgjer i snitt 45 prosent av dei totale faste kostnadene. Difor er arbeidskostnadene ein viktig faktor når ein skal sjå på kva som påverka lønsemda blant frukt- og bærprodusentane.



Figur 4.7 Inntekter og kostnader, 2017 kr

På lik linje med andre gardbrukarar, hentar også frukt og bærprodusentane ein del inntekter utanfor jordbruket. Figur 4,8 viser korleis fordelinga har vore mellom dei ulike inntektskjeldene dei ulike åra. Ein kan sjå at det er hovudsakleg jordbruket og løsinntekt som bidreg mest til totaløkonomien. Deretter kjem inntekt frå tilleggsnæring og anna næring. Innanfor tilleggsnæring finn ein blant anna produksjon av sider og eplemost som er viktig for enkelte bruk. Andre kapitalinntekter, skog samt pensjonar og sjukepengar bidreg i liten grad til totaløkonomien på gardsbruka med frukt og bær.



Figur 4.8 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien blant frukt og bærprodusentar på Vestlandet.

## 4.4 Oppsummering

Frukt og bærproduksjon er ei viktig næring på Vestlandet, spesielt i enkelte regionar. Som i andre delar av jordbruket, har det også vore endringar i arealet innanfor denne næringa. Det har vore ein nedgang i arealet på fleire kulturar over tid, men det kan sjå ut som det er i ferd med å stabilisere seg. Arealet for plommer har auka, medan arealet på jordbær har gått ned. Fruktarealet per bruk har auka i løpet av perioden. Det har vore varierende avlingar dei siste åra, noko som har hatt stor påverknad på det økonomiske resultatet til frukt- og bærprodusentane.

Sjølv om avlingsnivået har vore varierende, har både dei variable kostnadene og timeforbruket halde seg relativt stabilt over tid. Det har vore ein auke når det gjeld tilskot og faste kostander. Kostnadene til leigd arbeid utgjer nærmare halvparten av dei totale faste kostnadene. Frukt og bærprodusentane hentar også inn ein del inntekter utanom jordbruket. Over 40 prosent kjem frå lønsinntekt, men bidrag frå tilleggsnæring og anna næring er også viktige inntektskjelder for nokre bruk. Innanfor tilleggsnæring, finn ein at produksjon av sider og eplemost som har auka i omfang dei siste åra.

## 5 Økonomi i drenering

### 5.1 Innleiing

Etter at grøftetilskotet forsvann på midten av 80-talet, har aktiviteten på drenering vore liten over heile landet. I følgje Budsjettnemnda for jordbruket har det vore drenert om lag 50 000 dekar årleg i perioden, dei siste åra endå mindre. Før tilskotet vart fjerna i 1986 ble det grøfta mellom 100 000 og 150 000 dekar årleg. Etter at det vart innført grøftetilskot på ny i 2013, og særleg etter dobling av satsen i 2017, har interessa for drenering auka.

I enkelte år med mykje regn, kan det vere utfordrande å få hausta nok grovfôr. Konsekvensane av dårleg grovfôravling vil vere auka kostnader til kjøp av fôr, eller at ein må slakte ned delar av buskapen. Vestlandet har meir nedbør i snitt enn resten av landet, og nedbør og nedbørsintensitet har auka dei siste åra. Klimaendringane vil kunne auke nedbørsmenga ytterlegare, og gjere det vanskelegare å gjennomføre innhausting, særleg gjeld dette sisteslåtten om hausten. Store traktorar og tunge maskinar kan medføre jordpakking på vått areal, som igjen vil påverke avlingsnivået på grovfôrareala negativt på sikt.

For å kunne motverke desse negative konsekvensane av for mykje nedbør og vanskelege kjøreforhold under innhausting, vil det vere aktuelt å drenere areala på nytt. På areal med god drenering vil det kunne tørke raskare opp, slik at ein får auka lengda på perioden med kjørbare forhold. Det er knytt ein del kostnadar til drenering, og for å kunne seie noko om det løner seg å drenere, må ein vurdere verdien av avlingsauken over levetida opp mot dreneringskostnad. Gjennom prosjektet DRAINIMP har NIBIO saman med andre partnerar sett nærare på ulike effektar av drenering på Vestlandet.

### 5.2 Forsøksfelt og metode

I 2013 vart det etablert to forsøksfelt på to ulike lokalitetar på Vestlandet. På Askvoll i Sogn og Fjordane vart det etablert eit felt med systematisk grøfting med 6 og 12 meters grøfteavstand. I tillegg hadde ein eit kontrollareal som ikkje var drenert. På Fræna i Møre og Romsdal vart eit areal med dårleg drenert dyrka myr omgravd. Ved omgraving av myr blir eit 70 cm tjukt lag med mineraljord frå undergrunnen lagt over torva samt at det vart laga skrålagde vassførande sjikt med mineraljord ned til undergrunnen med 8 meters mellomrom. Også her var det eit kontrollareal, slik at ein kunne vurdere om omgraving gav høgare avling samanlikna med å ikkje drenere. Både kontrollarealet og det omgravde arealet hadde tidlegare vore grøfta med røyr, men hadde status som dårleg drenert før omgraving. Eit forbod mot dyrking av myr vil ikkje omfatte omgraving av myr som er allereie er definert som dyrka mark.

Tørrstoff og fôreiningskonsentrasjon vart registrert i dei to forsøksfelta i perioden 2014 – 2017. Gjennomsnittleg tal fôreiningar per dekar på dei drenerte areala vart samanlikna med kontrollarela for å kunne rekne ut avlingsauke og verdi av meiravling ved drenering. For å komme fram til verdien av avlingsauken, har ein brukt ulike verdsettingsmetodar på grovfôret. I dette prosjektet har ein tatt utgangspunkt i kraftfôrpris, marknadspris på grovfôr og sjølvkost ved grovfôrproduksjon per fôreining for å rekne ut produksjonsverdien av avlingsauken. For å finne ut om investeringa i drenering var lønsam, vart det laga kalkylar ved ulike føresetnader, blant anna levetid for grøftene og rentenivå. Investering i drenering er lønsam dersom den årlige verdien av avlingsauken er høgare enn den årlege kapitalkostnaden (avskrivning og rente) ved investering i drenering. Ved utrekning av produksjonsverdi, har ein både sett på effekten ved full avlingsauke over perioden, og at avlingsauken kan vere minkande over tid.

## 5.3 Resultat

### Askvoll

I løpet av perioden var det ein avlingsauke på feltet som vart systematisk grøfta, både med 6 og 12 meters grøfteavstand. Ved 12 meters grøfteavstand hadde ein i snitt 38 fleire føreiningar per dekar samanlikna med kontrollarealet. Tilsvarende tal for 6 meters grøfteavstand var 53 føreiningar. Avlingsauken på dei drenerte areala var mindre enn venta. Noko av forklaringa kan vere at den naturlege dreneringstilstanden på kontrollarealet i utgangspunktet var betre enn venta.

Kor stor investering ein kan forsvare ut i frå desse resultatane, er avhengig av fleire faktorar. Det gjeld blant anna prisen på grovfôret, tilskotsats, rentenivå og levetida på grøftene. Om ein føreset at avlingsauken er lik for kvart år eller om den er minkande over tid, er også viktige parameter for kor mykje ein kan investere i grøfting per dekar.

I tabellen nedanfor er det vist kor mykje investeringsnivået varierer. Berekningane tek utgangspunkt i kraftfôrpris, som gjer ein verdi av avlingsauken på  $3,70 \times 53 = 196$  for feltet med 6 meters grøfteavstand. For feltet med 12 meters grøfteavstand blir verdien  $3,70 \times 38 = 141$ . Ein føreset at avlingsauken er minkande over tid, då effekten av grøftene vanlegvis vil bli redusert over levetida som følgje at grøftene blir tette. Levetida på grøftene kan variere frå 20 til 50 år alt etter jordtype, dekkmateriale og kvalitet på arbeid. Det er dessutan lagt inn dreneringstilskot på kr 2 000 per dekar (sats per 1.7. 2017). Same metode gjeld dersom ein bruker marknadspris eller sjølvkost. Desto høgare pris på grovfôr, desto høgare investeringsbeløp kan ein forsvare i drenering per dekar.

Tabell 5.1 Maksimalt investeringsnivå basert på minkande avlingsauke, 6 meter grøfteavstand, kraftfôrpris

Levetid grøfter, år	Realrente				
	2 %	3 %	4 %	5 %	6 %
20	3 788	3 673	3 570	3 477	3 393
30	4 484	4 265	4 076	3 911	3 768
40	5 098	4 758	4 475	4 238	4 038
50	5 641	5 171	4 795	4 489	4 237

Tabell 5.2 Investeringsnivå basert, minkande avlingsauke over tid, 12 meter grøfteavstand, kraftfôrpris

Levetid grøfter, år	Realrente				
	2 %	3 %	4 %	5 %	6 %
20	3 295	3 212	3 138	3 070	3 009
30	3 800	3 641	3 504	3 385	3 281
40	4 244	3 998	3 793	3 622	3 476
50	4 638	4 298	4 025	3 803	3 621

Ved 6 meters grøfteavstand vil ein kunne investere for eit høgare beløp, som følgje av høgare verdi av avlingsauke samanlikna med 12 meters grøfteavstand. Investeringsbeløpet aukar med lengre levetid og lågare realrente. Forskjellen mellom det lågaste og høgaste beløpet er kr 2 250 per dekar ved 6 meter grøfteavstand, og kr 1 630 per dekar ved 12 meter grøfteavstand.

Investeringskostnaden på forsøksfeltelet på Askvoll var svært høg. Noko av dette skuldast ekstra kostnader knytt til andre forsøk på felte. Vi derfor nytta investeringskostnader baserte på kalkylar frå lokal rådgjeving for å vurdere lønsemd i drenering basert på resultatane frå Askvoll. Ved bruk av 4 toms grøfterøyr, ein effektivitet på 40 meter per time og 6 meters grøfteavstand er investeringskostnaden til

grøfting rekna til kr 11 160 per dekar. Tilsvarende kostnad for 12 meter grøfteavstand vert kr 5 580 per dekar. Ut i frå nivået på investeringskostnader vil det ikkje vere lønsamt å grøfte med verken med 6 meters avstand eller ved 12 meter under dei gjevne føresetnadene.

Dersom ein reknar at effekten av grøfter varer over heile levetida, kan ein forsvare investering i grøfter under dei beste føresetnadene ved grøfteavstand på 12 meter. Tabell 5.4 viser at under føresetnad om full avlingsauke over levetida, kan det vere lønsamt ved lågt rentenivå og lang levetid på grøftene.

Tabell 5.3 Maksimalt investeringsnivå basert på full avlingsauke over levetida til grøftene, kraftfôrpris, 6 meter

Levetid grøfter	Realrente				
	2 %	3 %	4 %	5 %	6 %
20 år	5 204	4 915	4 663	4 442	4 248
30 år	6 389	5 841	5 389	5 013	4 697
40 år	7 361	6 530	5 879	5 363	4 949
50 år	8 159	7 043	6 210	5 578	5 089

Tabell 5.4 Maksimalt investeringsnivå basert på full avlingsauke over levetida til grøftene, kraftfôrpris, 12 meter

Levetid grøfter	Realrente				
	2 %	3 %	4 %	5 %	6 %
20 år	4 321	4 112	3 930	3 770	3 629
30 år	5 180	4 783	4 455	4 183	3 955
40 år	5 884	5 282	4 810	4 437	4 137
50 år	6 462	5 653	5 050	4 592	4 238

## Fræna

Når det gjeld det omgravde arealet på Fræna, gav det ein avlingsauke på 137 føreiningar per dekar i snitt over fire år samanlikna med kontrollarealet. Resultata frå omgravingsfeltet frå Fræna viser at denne typen drenering kan vere lønsam, dersom ein tek utgangspunkt i kraftfôrpris kr 3,70 per FEm, og at investeringskostnaden per dekar ikkje er høgare enn kr 10- 18 000 per dekar. Dette gjeld dersom ein føreset full avlingsauke over heile levetida. Ved minkande avlingsauke er omgraving lønsamt ved lang levetid og låge renter. Både det omgravde arealet og kontrollarealet gav høge avlingar over dei fire registreringsåra. Av tabellen nedanfor kan ein sjå kva utslag det gjer dersom ein legg full eller minkande avlingsauke til grunn for kor mykje ein kan investere i omgraving. Det er også lagt inn ein føresetnad om tilskot på kr 2 000 per dekar.

Tabell 5.5 Maksimalt investeringsnivå full avlingsauke over levetida til omgravinga, kraftfôrpris, tilskot kr 2 000 per dekar

Levetid grøfter, år	Realrente				
	2 %	3 %	4 %	5 %	6 %
